



Anders Lohne Tverfjell
Mykingvegen 773
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19384 - 21/28302

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
27.04.2021

Landbrukssak Gbnr 29/3 m.fl Hauge - Vedtak om vegendring og godkjenning av veg

Administrativt vedtak: Saknr: 509/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging godkjenning av landbruksveier godkjenner Alver kommune endringsmeldinga og vegen som er bygd frå PEL 0 til PEL 470 i vegklasse 7.(bilete 1)

Saka gjeld

Det blei i 2006 søkt om bygging av ca 800 meter landbruksveg i vegklasse 4 til Haugsneset som blei handsama og godkjent desember 2020, Sjå vedlegg. Kommunen har ikkje klart å finne vedtak frå 2006/2007 sjølv om den er registrert i sakssystemet ØKS og det er gitt tilskot til bygginga.

Deler av denne vegstrekning var ikkje tenkt bygd i denne traséen grunna manglande privatrettslege rettar.

Hausten 2020 kom søknad om bygging av resten av landbruksvegen til haugsneset i ein annan trasé. Bilete 2.

Endringsmeldinga om vegen som er bygd gjeld frå PEL 0 til PEL 470, sjå bilete 1.

Det vart søkt om endring frå vegklasse 4 til vegklasse 7 og veglengde.

Vurdering:

Kommunen v/Nils Kolås har vært på synfaring ved fleire høve og har konkludert med at vegen kan godkjennast i vegklasse 7 då den ikkje heldt til standarden i vegklasse 4 fleire plassar. Om ein i seinare tid ynskjer å få vegen godkjend i ein høgare vegklasse kan dette la seg gjera ved å senda ein søknad om ombygging og noko arbeid med vegen.



Bilete 1



Bilete 2

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbrukveier
 Naturmangfaldslova
 Forvaltningslova
 Kulturminnelova
 Offentlegheitslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/19384

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oversiktskart_del2_1_1250
Landbruksveg til Haugsvatnet_160421
Sluttgodkjenning landbruksveg - endringsmelding - gbnr 29/3 Hauge
Løyve til bygging av landbruksveg på GBNR 293 m.fl. Hauge

Mottakarar:

Anders Lohne Tverfjell	Mykingvegen 773	5913	EIKANGERVÅG
Elisabeth Synnøve Lohne Tverfjell	Mykingvegen 773	5913	EIKANGERVÅG
Jarle Birkaas Solberg	Mykingvegen 777	5913	EIKANGERVÅG
Jorun Sætre			
Kari Hauge Johnsen	Mykingvegen 777	5913	EIKANGERVÅG
Kenneth Manger	Mykingvegen 771 A	5913	EIKANGERVÅG
Svenn Hauge			